
Fra: Peder Lofnes Hauge <peder.hauge@nm.no>

Sendt: torsdag 3. september 2026 12:49

Til: Peder Lofnes Hauge <peder.hauge@nm.no>

Emne: Fråsegn Wattn

You don't often get email from peder.hauge@nm.no. [Learn why this is important](#)

12:46 (for 2 minutter siden)

Peder Lofnes

Hauge <peder.hauge@nm.no>

til meg, blindkopi: hakon.lykkebo.strand, blindkopi: Jessica.Gartner,
blindkopi: anne.berit.stoyva.emblem, blindkopi: geir.ove.leite, blindkopi: henriette.bryn,
blindkopi: sagvan.fathi.abdal, blindkopi: Sindre.Muren.Nakken,
blindkopi: svein.rune.johannessen, blindkopi: tove.nygard, blindkopi: arild.holmeide,
blindkopi: arnfred.balseth, blindkopi: asgeir.berg, blindkopi: daniella.jordanova.baarholm,
blindkopi: Harald.Tom.Nesvik, blindkopi: hilde.karin.lehmann.valde,
blindkopi: kristine.solvang.nesvik, blindkopi: lars.mikael.barstad.lovold, blindkopi: rolf-
magne.asbjornsen, blindkopi: thomas.andre.kvam, blindkopi: tor-andre.gram.franck,
blindkopi: Benedicte.Elina.Hurlen, blindkopi: Carl.Johan.Haugen.Pettersen,
blindkopi: Edvard.Anders.Devold, blindkopi: Elin.Dyrkorn, blindkopi: Frode.Andresen,
blindkopi: Gunnar.Erling.Kruger, blindkopi: Lene.Vadseth.Larsgard,
blindkopi: Monica.Molvaer, blindkopi: ngr, blindkopi: Runar.Paulsen, blindkopi: Oystein.T
blindkopi: andrea.hunger, blindkopi: tore.johan.ovstebo, blindkopi: jarle.hauge.steffensse
blindkopi: Malena.Strommen.Malakzadeh, blindkopi: karoline.stette,
blindkopi: Anders.Lindbeck, blindkopi: Mariann.Ulvestad, blindkopi: andrew.oystein.taylor
blindkopi: jannicke.strommen, blindkopi: rolf, blindkopi: arne.olav.almas,
blindkopi: birger.paul.flem, blindkopi: christoffer.syversen, blindkopi: Hans.Kjetil.Knutsen,
blindkopi: ivar.torleif.ostrem, blindkopi: thor.hansen, blindkopi: tore.hovland



Hei,

Eg håpar kommunestyret i Stad kan vedta vedlagde fråsegn retta på straumselskapet Wattn.

Bakgrunnen

er at Wattn har fjerna nynorsk som språkval i appen sin og gått over til bokmål i kommunikasjonen med kundane. Wattn er eigd av kraftselskap som i hovudsak er eigde av nynorskkommunar, og Stad er difor ein indirekte medeigar. Vi veit at denne saka har engasjert mange, og Det gjer det naturleg at kommunestyret seier tydeleg frå om kva språkpolitikk ein ventar av eit selskap med djupe røter på nord-vestlandet.

Vi er kjende med at Wattn skal ha saka oppe til handsaming på sitt styremøte i oktober. Vi ber difor om at ei slik fråsegn blir handsama, vedteke og oversendt styret i Wattn i god tid før møtet. Styreleiar er Christian Pritchard. E-post: pritch.chris@gmail.com og/eller e-post hei@wattn.no

Ta gjerne kontakt med meg om det er noko som er uklart.

beste
helsing

Peder Lofnes Hauge

leiar
i Noregs Mållag

Fråsegn: Ta nynorsken tilbake, Wattn!

Kommunestyret/Formannskapet i [Kommunenamn] bed Wattn om ta nynorsken tilbake. Wattn er eit selskap med sterke røter på Nord-Vestlandet og med over 100 000 kundar. Selskapet er eigd av kraftselskap som igjen i hovudsak er eigde av nynorskkommunar. For oss som er eigar i eitt av desse kraftselskapa, er det viktig at Wattn er med og tek vare på den språklege identiteten vår, og at dei viser at nynorsk høyrer heime i næringslivet. Det har Wattn tidlegare vist at er fullt mogleg, og me meiner at nynorsk er ein styrke for Wattn.

Det er overraskande og skuffande for oss at Wattn har valt å fjerne nynorsk som språkval i appen og har gått over til bokmål i kommunikasjonen sin. Mange kundar kan ikkje lenger møte tenestene på sitt eige språk. At Wattn har nasjonale ambisjonar, bør ikkje stå i vegen for å ta vare på nynorsken. Tvert imot bør eit selskap som ynskjer å vekse nasjonalt, kunne vise at det er mogleg å vere ein nasjonal aktør som står støtt med røtene planta der ein kjem ifrå. Wattn må vere eit selskap som kundane kjenner seg att i. Då må nynorsk vere ein naturleg del av kommunikasjonen med kundane – også i appen, på nettsidene og i andre digitale og skriftlege kanalar.

--

beste helsing

Peder Lofnes Hauge

leiar i Noregs Mållag

